



Ei stor helg ventar i kyrkja, med både konfirmantjubleum og møte med den nye soknepresten. Dette biletet vart teke for nokre dagar sidan. (Foto: Kjell Magne Haugland)

Fleire enn 30 av dei 58 innbedne kjem til konfirmantjubleet i Uskedalen til helga, opplyser soknerådsleiar Audun Eik til uskedalen.no

Både 50-, 60- og 70-årsjubilantar frå to årskull samlast og Eik vonar at frammøtet blir stort denne dagen. For dette er på sett og vis ei dobbelthending: Den nye soknepresten Sven Harald Nilsen skal halda den første preika si i Uskedalen denne sundagen.

Etter gudstenesta er det middag for dei innbedne på Solheim Turiststasjon

Konfirmantjubleum har vore halde i mange år i Uskedalen, men dette er første gong jubileet går over to dagar. Laurdagen blir det ei kulturell ferd rundt om i bygda, nærare bestemt med Bygdetunet Rød, bøkerverkstaden og gamleskulen på Haugland som stoppestader før punktum blir satt i gamleskulen nede i bygda.

Sigvald Eik, Olaf Agnar Gausvik, Reidar Myklebust og Kristian Bringedal skal stå for dei verbale innslaga og heile programmet skal avviklast på noko over tre timar.

Av Ola Matti Mathisen



Dette var konfirmantane i Uskedalen i 1936 – altså for 71 år sidan. Frå venstre i første rekkje: Kjell Yri, Trygve Eik, Nils Vågen, Bjarne Steinsletten, Gjert Myklebust, Jon Gjertsen, Sigurd Wang og sokneprest Knut Sellevold. I andre rekkje står Leif Kjærland og Jon Steinsletten. Tredje rekkje: Karen Myklebust Berge og Kari Myklebust Vågane. Fjerde rekkje: Else myklebust, Edith Hansen og Anne Haugland Helvik. Foto frå 90-årsheftet til kyrkja. Fleire av dei lever og vil truleg møta fram til konfirmantjubileet.